

## **REFERAT Voss Reiselivsråd**

Dato: 25.09.2023

Stad: Elva Hotel

Tid: 09:30 -12:00

Desse møtte:

Hege Magnusson, leiar i rådet, (Voss Resort)  
Helene Bjørnø (Norways Best)  
Frode Solbakk (Voss Active)  
Tine Kjosås (Hardanger og Voss museum)  
Øystein Ormåsen (Wild Voss)  
Tor Andre Villmones (Scandic Voss)  
Berit Lunde (Park Hotel Vossevangen)  
Thomas Stene (Fleischer's Hotel AS)  
Per Berge (styret i Hardanger og Voss Næringshage AS)

### **Saker**

#### **11-23: Status Hardanger og Voss Næringshage - Orienteringssak**

Michel Knusel har slutta i sin stilling som dagleg leiar, og Sigmund Vereide overtok 01.09 denne stillinga. Sundag 10.09 kom dessverre den triste beskjeden om at Sigmund hadde vore utsett for ei alvorleg paraglidarulykke. Difor er inntil vidare Kjersti Bjørke konstituert som dagleg leiar. Benedicte Kragh går over til 50% stilling frå 09. oktober 23. Åsmund Årsand er på plass og tek over 50% av stillinga til Benedicte.

#### **11-24: Struktur reiselivsbransjen i Noreg - Orienteringssak**

Gjennom mange tiår er det utvikla ein struktur i reiselivsbransjen i Noreg, kor destinasjonselskapa har ein heil del formelle funksjonar og roller inn mot herad, fylkeskommunen Fjord Norge AS og Visit Norway. Me tek ein rask gjennomgang slik at reiselivsrådet veit kva formelle roller og funksjonar Visit Voss har.

#### **11-25: Marknadsføring 2023 - Orienteringssak**

I 2023 har Visit Voss hatt eit ordinert marknadsbudsjett på 700`, samt eit ekstraordinært marknadsbudsjett på 900`. I tillegg har ein hatt eit prosjekt kalla "digital annonsering for mindre verksemder". Begge dei to siste er finansiert gjennom ekstraordinære koronamidlar som Visit Voss fekk i 2022.

Me presenterer kva som er gjort innan dei tre budsjettpostane i 2023.

#### Referat:

Kom inn eit konkret innspel /ynskje om å køyre eigne visningsturar for kun Voss. Gjerne ein sommar og ein vinter. Det same ynskje har kome fram på møte i bransjegruppa.

#### **12-26: Framtidig finansiering og økonomi i Visit Voss avdelinga 2024**

#### Visit Voss si vurdering:

Det er knytt stor usikkerheit til budsjettet til Visit Voss avdelinga for 2024. Strategiske avgjersler om framtida til Visit Voss må no takast.

- Visit Voss har i 2022 og 2023 fått ganske store beløp i korona-kompensasjonsmidlar frå både fylkeskommunen og Voss herad, slike midlar er ikkje å få tak i for 2024.
- Provisjonsinntekter på 700-750` frå billettsal for Voss Gondol fell vekk, då dei har sagt opp avtalen.
- Det er også usikkerheit kring eit tilskot på 650` frå Voss herad som me har fått dei siste åra.  
Dette er no avklara at me får vidareført, same sum sidan 2017.

Visit Voss vert ofte samanlikna med vår nærmeste destinasjonsselskap, Visit Sognefjord AS og Visit Hardangerfjord AS. Samanliknar ein desse selskapa med Visit Voss, ser ein at Visit Voss ligg vesentleg lågare både i budsjett og personalressursar.

	Budsjett	Heiltidstilsette	Kommunar destinasjonsselskapet femner om
Visit Sognefjord AS	9,5 mill	4	7
Visit Hardangerfjord AS	7 mill	4	4
Visit Voss (utan turistinformasjonen)	3 mill	2	1
Visit Voss prognose 2024 (utan turistinformasjonen)	2 mill	1,5	1

Utifrå tala og prognosane for 2024 og åra vidare, foreslår administrasjonen tre ulike scenario under.

Scenario:

1. Redusere drifta i Visit Voss. Strakstiltak 2024; kutte i talet på årsverk i avdelinga, slik at ein får frigjort nokre midlar til marknadsføring. Knallhard prioritering av kva arbeidsoppgåver som skal løysast. Hovudfokus vert drift av turistinformasjonen, kor ein har underskrive ein forpliktande avtale med Voss herad.
2. Medlemsbedriftene i Visit Voss legg inn eit større medlemsbidrag per bedrift slik at aktiviteten kan oppretthaldast.
3. Ein utreiar potensiale for tettare samarbeid med eit anna destinasjonsselskap, for å knyte seg til eit større og meir slagkraftig selskap. Visit Hardangerfjord AS er då mest naturleg, sidan selskapet dekker same geografiske område som Hardanger og Voss næringshage AS.
4. Alternative scenario..?

Referat:

- Reiselivsrådet ynskjer ikkje at drifta skal reduserast, heller ei opptrapping/satsing på samarbeidet i destinasjonsselskapet. Dette kan bety ei auke i medlemsavgifta til Visit Voss.
- Reiselivsrådet er skeptiske til å slå saman Visit Voss med eit anna destinasjonsselskap, ein er då redd merkevara «Voss» vil svekkast, ein vil behalda eit eige ledd som marknadsførar Voss.
- Reiselivsrådet er skeptiske til redusert opningstider i turistinformasjonen, og ynskjer å unngå dette.

- Reiselivsrådet ynskjer å sjå på modell for å tilsette eigen person på sal B2B. Dette er noko fleire medlemmar etterspør meir aktivitet rundt. Visit Sogn har ein modell for ein slik salsstilling, Helene i Norway's Best kan presentere eit eksempel / forslag til modell med utgangspunkt i Visit Sogn.
- Reiselivsrådet ynskjer å setje i gang ein prosess for å få auka marknadsbidraget frå Voss herad, som sidan 2017 har lege fast på 650'i året.
- Reiselivsrådet er positive til å sjå på løysingar for lokal turistskatt.

Reiselivsrådet ynskjer at det til neste møte i rådet vert presentert ein gjennomgang og evaluering av årets handlingsplan, samt presentert forslag til handlingsplan og budsjett for 2024.

På neste møte vil ein ha ei grundig drøfting av kva oppgåve Visit Voss må løyse og kva oppgåver ein bør løyse. Reiselivsrådet ynskjer å føre an denne prioriteringa.

#### **15-27Ymse**

- Neste møte/ samling i Reiselivsrådet vert eit lunsj-lunsj møte 14. -15. november. Ein treng litt betre tid enn på eit ordinert møte, for å jobbe med strategi for vidare drift.
- Medlemsmøte i Visit Voss, bør me ha dette før nyttår? Reiselivsrådet ynskjer å avvente dato for medlemsmøte til ein har eit klarar bodskap frå Reiselivsrådet. På medlemsmøte bør ein drøfte Kompani Lauritzen; korleis forvaltar me dette prosjektet?
- Habilitet; to tilsette i Visit Voss skal no inn i lokalpolitikken og heradsstyret. Rådmann og ordførar avgjer i kva grad dei er inhabile i saker som anngår reiselivet.
- Det er OK for Reiselivsrådet at administrasjonen legg referata frå reiselivsrådsmøta ut på visitvoss.no etter at rådet har fått det tilsendt på e-post til godkjenning.